

ÅRSMØTEREFERAT 2026

Årsmøtet vart halde på Skei 28.03.26 med 21 frammøtte medlemmer.

1. Opning

Leiar, Bjarne Horsevik, ynskte årsmøtedeltakarane velkomne.
Deretter mintest årsmøtet dei medlemene som har gått bort i 2025.

2. Val av møteleiar, sekretær og 2 til å underteikna møteprotokollen

Desse vart samrøystes valde:

Møteleiar: Bjarne Horsevik

Sekretær: Vidar Lægreid

Underskriving av møteprotokollen: Ove Digernes og Jon Frøysland.

3. Godkjenning av innkalling

Årsmøteinnkalling var utsendt til medlemene i god tid på førehand.
Ingen hadde merknad her, og innkallinga vart samrøystes godkjend.

4. Årsmelding 2025

Årsmeldinga var utsendt til medlemene saman med innkallinga.

Møteleiar, Bjarne Horsevik, gjekk gjennom den fyldige årsmeldinga og kommenterte enkelte saker.

-Avdelinga har starta arbeidet med å laga til ein vervebrosjyre som skal vera klar i mai. Målet her er å informera om RHF Sogn og Fjordane med tekst og bilete for å prøva å verva fleire medlemmer.

-Når det gjeld Rustholet, så har avdelinga fått lovnad om å behalda denne plassen i 3 år til.

-Garasjen til Firda Billag på Sandane er seld, og S-7013 får stå der til 1.juni.

-S-7038 får stå i Firda Billag sin garasje i Haukedalen mot at avdelinga gjer nødvendig vedlikehaldsarbeid på garasjen.

-Når det gjeld arbeid med bussane, nemner årsmeldinga spesielt Eivind Bell og Helge Madsen, og møteleiar rosa og takka dei for det store arbeidet dei har gjort med TV 11916 og S-1932. Årsmøtet takka dei også med å gje dei ein stor applaus.

Elles hadde ingen merknader til årsmeldinga, så den vart samrøystes godkjend og vedlagt møtereferatet.

5. Rekneskap 2025

Rekneskapan var utdelt til årsmøtedeltakarane og i kasseraren sitt fråver gjekk møteleiaren gjennom rekneskapan og kommenterte enkelte postar.

Den viser eit stort driftoverskot, noko som mykje skuldast sal av S-359 og utbetalt tilskot frå kulturminnefondet til S-1967. Det har heller ikkje vore store utgifter på bussane i 2025. Elles viser rekneskapan at avdelinga har ein solid eigenkapital, noko som vitnar om svært god drift.

Den framlagde reviderte rekneskapan vart samrøystes godkjend.

6. Budsjett 2026

Årsmøtet fekk også framlagt eit forslag til budsjett for 2026, og enkelte postar vart nemnde og kommenterte. Det er budsjettert med eit overskot, men budsjettet er eit arbeidsverktøy, og mange av postane er usikre. Årsmøtet vedtok at det framlagde forslaget skal vera avdelinga sitt budsjett for 2026.

7. Innkomne saker

Tomte- og hallprosjekt

Styret hadde meldt inn ei sak til årsmøtet om tomtekjøp og oppsetjing av ein hall i Sunnfjord Næringspark på Moskog for å ta vare på veteranbussane.

Styremedlem, Jan Ove Hårklau, har på vegne av styret arbeidd med dette prosjektet ei tid og orientert styret om saka på fleire styremøte, seinast på møtet 01.03.26 der han orienterte om dei siste planane. Styret vedtok då å leggja saka fram på årsmøtet, og her gav Hårklau ei grundig orientering om prosjektet. Finansieringsplan, driftsbudsjett og ei orientering om hallen var utdelt til årsmøtedeltakarane, og alt dette gjekk Hårklau nøye igjennom. Årsmøtet takka han for det store arbeidet han har lagt ned som prosjektleiar og gjorde fylgjande vedtak:

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å arbeida vidare med tomte-og hallprosjektet fram til årsmøtet i 2027 der saka vert lagt fram på nytt, evt. i eit ekstraordinært årsmøte i 2026.

8. Val av styre og revisorar

Leiar i valnemnda, Kurt Magne Neset, la fram nemnda sitt forslag. Alle vala var samrøystes og i samsvar med forslaget frå valnemnda.

Leiar:	Bjarne Horsevick	Ikkje på val. Valt for 2 år i 2025
Nestleiar:	<u>Steinar Følling</u>	<u>Attval for 2 år</u>
Kasserar:	<u>Per Lien</u>	<u>Attval for 2 år</u>
Sekretær:	Vidar Læg Reid	Ikkje på val. Valt for 2 år i 2025
Styremedlem:	Eivind Bell	Ikkje på val. Valt for 2 år i 2025
Styremedlem:	<u>Jan Ove Hårklau</u>	<u>Attval for 2 år</u>
Styremedlem:	<u>Jonfinn Alme</u>	<u>Attval for 2 år</u>
Varamedlem:	<u>Olav Grinde</u>	<u>Attval for 1 år</u>
Varamedlem:	<u>Ivar Møgster</u>	<u>Attval for 1 år</u>
Revisorar:	<u>Endre Hellebust</u>	<u>Attval for 1 år</u>
	<u>Arne Ødegård</u>	<u>Ny. Valt for 1 år</u>

9. Val av valnemnd

<u>Kurt Magne Neset</u>	<u>Leiar. Attval for 1 år</u>
<u>Audun Hovland</u>	<u>Attval for 1 år</u>
<u>Oddmund Frøysland</u>	<u>Attval for 1 år</u>

Etter årsmøtet var det matsservering, sponsa av Skei Serviscenter

Vidar Læg Reid
-sekretær-

